

Hallo i nedslagsfeltet!

Førre måndag var eg på brann stadion for å sjå favorittlaget mitt, Lillestrøm SK, i aksjon mot Brann. Oppgjeret enda med 3-2 siger til Lillestrøm, og «bloggveka» mi fekk dermed ein best tenkjeleg start.



Eg tvinga forresten med meg ho eg delar leilegheit med, Ingvill Kjørstein, med meg på kamp. Og sidan dette var hennar fyrste ordentlege fotballkamp nokon sinne så pynta ho seg med eit flott ordspel:



Elsk LSK!

På grunn av denne ansiktssminka så vart vi også ført bort til bortesupporterane av vaktene, sjølv om vi hadde kjøpt vanlege billetter. Men opplevinga vart eigentleg berre endå betre når ein fekk sitje saman med LSK-fansen.

Til tross for at vart passa på av både mor mi og mine to systre, så var ikkje 16 klesplagg nok til å stengje kulda ute. Så gleda over at laget mitt sikra tre viktige poeng, vart dermed ganske kortvarig når det resulterte i sjukdom heile resten av veka.

Så på grunn av sjukdom har eg måtte stå over fotballtreningane, og eg har heller ikkje vore så mykje i anna aktivitet heller. Vi har starta opp med to treningar i veka, framleis utandørs. Her er ikkje vanleg som på Sunnmøre med innandørsturneringar og futsal KM. No måndag skal vi ha spelarmøte, og eg reknar då med at nye trenarane blir presentert og vi får vite litt meir om opplegget framover.

Elles så har eg denne helga hatt besøk av mi eldste syster og tok ho på laurdag med opp på Fløyen for å vise fram byen.



Dersom ein legg godviljen til, kan dette kanskje klassifiserast som ein form for styrketrening:



Lillestrøm avslutta også veka svært sterkt med ein solid 6-0 siger over Stabæk!

Mi personlege form er i skrivandes stund på ein skal frå 1-10 vurdert til: 3.2